


FRÅVÆRSPLAN FOR GRUNNSKULANE I SØR-FRON KOMMUNE

Dei fleste barn og unge går på skulen frivillig og utan problem, men nokre elevar har likevel vanskar med å kome seg på skulen av forskjellige grunnar. Oppmøtevanskar startar vanlegvis i det små, med fråvær i nokre timar, deler av dagen eller enkelte dagar. Vi veit at fråvær frå skulen sjeldan handlar om ein manglande vilje til å gå på skulen, men heller ei rekkje andre årsakar. Erfaringar syner at jo tidlegare fråværet blir fanga opp og tiltak set inn, jo større sjanse er det for at eleven kjem attende på skulen. Da er det viktig med gode rutinar for kommunikasjon og samarbeid mellom heim og skule. Dei ulike tenestene i kommunen er naturlege samarbeidspartar for både eleven, foreldra og skulen der det har blitt eit urovekkande fråvær.

Også i Sør-Fron er skulefråvær eit aukande problem. Det er derfor utarbeida ein fråværsplan som vi meiner vil være til nytte for foreldre og skule. Familieteamet i kommunen vil vere ein viktig støttespelar for å hjelpe eleven tilbake til skulen.



TILTAKSPLAN VED ELEVFRÅVÆR

1. Ved fråvær 4-5 dagar i ein måned (sjå bort frå innvilga permisjon):
Kontaktlærer tek kontakt med heimen for å avklare situasjonen. Det blir om nødvendig lagt ein plan for dei påfølgande fem dagane saman med føresette. Skulen sin tiltaksplan ved elevfråvær blir presentert. Foreldrekontakt skal dokumenterast i elevmappe. Rektor skal varslast.



Eleven er tilbake på skulen.



2. Ved 3 nye samanhengande fråværsdagar/ 4 dagar i løpet av ein måned (sjå bort frå innvilga permisjon):
Familieteam, kontaktlærer og foreldre skal møtast etter innkalling frå rektor. Samtykkeskjema skal underskrivast og det skal bli laga ein tiltaksplan.



3. Etter 2 veker, dato bestemt i pkt. 2.
Familieteam, kontaktlærer, rektor og foreldre skal møtast på nytt for å evaluere effekt av tiltak. Det blir laga ein ny framdriftsplan som inkluderer bistand frå dei aktuelle hjelpetenestene.



Eleven er tilbake på skulen.



4. Ved fortsatt fråvær på meir enn 3 nye samanhengande dagar/4 dagar i løpet av ein måned.
Familieteam, kontaktlærer og foreldre møtast att etter innkalling frå rektor. Det blir avklart kva for ansvar dei ulike tenestene har vidare.
I denne fasen må tiltak gjerast individuelt.

Samtykke til samarbeid.

Hensikta med samarbeidet er å gje så god hjelp som mogleg til elevar som byrjar å få høgt skulefråvær. Tverrfagleg samarbeid inneber informasjon og ansvarsfordeling mellom t.d. barnevern, PPT, skulehelsetenesta og representant frå den enkelte skule.

Tiltaksplanen er utarbeidd i eit samarbeid mellom skulane, skulehelsetenesta, PPT og barnevernet i Sør-Fron.

Planen tek utgangspunkt i revidert tiltaksplan utarbeida i Nord-Fron kommune. For tida vil helsesyster, kommunepsykolog, pedagogisk-psykologisk teneste, barnevernstenesta og barne- og familieveileder vera faste medlemmar i Familieteam. I tillegg vil kontaktlærer til eleven det gjeld og rektor ved skulen delta.

Samarbeidspartane rettar seg etter teieplikta etter Forvaltningslovens § 13 og Lov om helsepersonell, samt tenestene sine respektive lovverk knytt til teieplikta. Samarbeidet skal i alle tilfelle gå føre seg på ein etisk og ivaretakande måte.

Tenester som blir involvert i pkt. 2 i tiltaksplanen:

Teneste	
Rektor (kallar inn til første møtet med familieteamet)	
Kontaktlærer	
Familieteam	
Skolelege eller fastlege	
Andre aktuelle	

Samtykket gjeld for perioda frå _____ til _____.

Underskrift føresette



Sør-Fron ungdomsskole



Harpefoss skule



Midtbygda skule